

**Fra:** 1699@hfk.no

**Sendt:** 15.02.2016 11:19:52

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Hanne Espe

**Kopi:**

**Emne:** 2016/99 Lavterskel tilskot til fysisk aktivitet for barn og ungdom

**Vedlegg:**

tiltak: Innovative rom

sokjar: Voss kommune

orgnr: 9601510542

kontakt: Liv Myklebust

epost: liv.myklebust@voss.kommune.no

tlf: 97997155

konto: 32014670954

kostnad: 200000

soknadssum: 50000

andre: Nei

andre2: Ja

skildring: Bergen arkitektskule (BAS) og Voss kommune har starta eit samarbeid for å skape gode rom og installasjonar som er tilpassa born med omsorgsbehov, i den nye bygget som skal husa avlastingstilbod og barnebustad. Uterommet vil vera tilgjengeleg for alle born og unge med behov for tilrettelagte tilbod. Det skal vera eit lågterskel uterom for born og unge som ellers opplev allmenne aktivitetsplassar til å ha høg terskel. Prosjektet søker Dykk om støtte til materiell, utstyr og andre direkte utgifter for å gjennomføra prosjektet.

maal: Føremålet med samarbeidet er at unge arkitektstudentar skal bidra med innovative løysingar som dekkja borna sine behov for tilpassa rom, inventar og utstyr som stimulerer sansane. Dette er ein heilt ny måte å tenka på, som kan gi bidra til å gi borna aukar livskvalitet. Voss kommune ynskjer derfor å nytte engasjerte, innovative og arbeidsvillige ressursar til å laga ute- og innerom som gjer bebuarane det vetle ekstra. Det finst ein del utstyr som leikeapparat og utstyr til

sanserom frå ulike leverandørar. Ulempen med desse er at dei ikkje tilpassa brukarane på ein slik måte som ein får høve til å gjere med skreddarsydde løysingar.

gjennomføring: Samarbeidsprosjektet mellom BAS og kommunen går ut på at ein klasse ved BAS skal ha ei omfattande semesteroppgåve i det å skapa gode innreiingsløysingar for både inne- og uteareal, i løpet av våren 2016. Blant dette vil det utviklast både aktivitetsrom og sanserom som gjev god aktivisering, gode opplevingar og sansestimuli etter behov. Dei skal både prosjektera og sjølv skapa enkelte installasjonar/møblar. Framgangsmåten deira vil vera omfattande intervju av brukarar, pårørande og andre interessentar for å skaffa god innsikt i brukarbehova. Dei vil deretter gå vidare med idéfase og prosjektering for korleis dei kan tilpassa bustaden brukarbehova. Dei vil laga prefabrikerte installasjonar i løpet av våren 2016, som deretter kan setjast på på plass i bustaden når denne står klar.

samarbeid: Bergen arkitektskule (BAS) er utførar av prosjektet, og Voss kommune er initiativtakar og prosjektleiar.

spesifiser: ikkje fått innvilga tilskot endå. Ventar svar frå Voss sparebank i mars 2016.